

Føretaksmøte 7. januar 2014

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

Val av styremedlemmer og fastsetting av styregodtgjering



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 7. januar 2014 kl 09.15 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Teatergata 9, Oslo.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

Frå styret møtte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Olin Johanne Henden

Frå administrasjonen møtte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen


Politisk rådgjevar Fredrik Wang Gierløff

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold

Avdelingsdirektør Mette Bakkeli

Seniorrådgjevar Hilde Smedshammer

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møtte ved Jørn Barmoen Simensen og Frode Linna.



Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og helse- og omsorgsminister Bent Høie blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Etter lov om helseforetak § 24 blir styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer ble valde i januar 2012. Styra i helseføretaka består både av styremedlemmer valde av eigar og styremedlemmer valde av dei tilsette. Styremedlemmene som er valde av eigar blir valde i samsvar med bestemmingane i lov om helseforetak § 21, tredje ledd.

Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for prosessen som er gjennomført og eigar sitt forslag til nytt styre. Talet på styremedlemmer som er valde av eigar, er redusert til seks medlemmar. Inntil ein tredjedel av styremedlemmene skal veljast av og blant dei tilsette, jf lov om helseforetak § 22, jf vedtektene § 8. Dette inneber at det skal veljast tre medlemmer av og blant dei tilsette ved første ordinære val.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i det norske samfunnet. Det er viktig at styremedlemmene har kompetanse som reflekterer oppgåvene styret har og dei utfordringane dei regionale helseføretaka står overfor. Styremedlemmene skal som styremedlem ikkje representere geografiske område, parti eller andre interesser. Det er viktig at styret samla sett representerer eit mangfald og ei breidde som dekkjer heile regionen.

Styret som kollegium og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2. Styremedlemmer som er av den oppfatninga at dei kan vere inhabile skal gjere styret merksam på dette. Styret tek avgjerda utan at den aktuelle styremedlemmen deltek i avgjerda.

Føretaksmøtet vedtok:

Frå i dag og fram til det vert halde føretaksmøte i januar 2016 blir følgjande personar valde av eigar til medlemmer i styret for Helse Vest RHF:

*Terje Vareberg
Lise Reinertsen
Ohene Aboagye
Gunnar Berge
Olin Johanne Henden
Tone Berntsen Steinsvåg*

Føretaksmøtet vel Terje Vareberg som styreleiar og Lise Reinertsen som nestleiar. Føretaksmøtet minner om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2.

Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Det vart gjort greie for forslag til fastsetting av styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer. Som følge av endringane i lov om helseforetak som tok til å gjelde 1. januar 2013, er styra nå pålagt å etablere revisjonsutval. Frå og med januar 2014 vert det fastsett eit eget honorar for medlemmene av revisjonsutvalet.

Føretaksmøtet vedtok:

Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:

<i>Styreleiar</i>	<i>kr 235 000</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>kr 157 000</i>
<i>Styremedlemmer</i>	<i>kr 114 000</i>

Varamedlemmer (for ansattevalde styremedlemmer) får ei godtgjering på kr 4 350 pr møte.

For medlemmer av revisjonsutvalet vert det fastsett følgjande honorar:

<i>Revisjonsutvalets leiar</i>	<i>kr 30 000 pr år</i>
<i>Revisjonsutvalets medlemmer</i>	<i>kr 15 000 pr år</i>

Praksisen med at det ikkje skal gis økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering, blir vidareført.

Møtet vart heva kl 09.20.

Oslo, 7. januar 2014



Bent Høie



Oddvard Nilsen